

Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland

Forprosjekt

05.06.2020

Innholdsliste

Forprosjekt Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland	3
1 Innleiing	3
1.1 Kvifor ein interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland?	3
2 Bakgrunn for forprosjektet	4
2.1 Forprosjektets mål	4
2.2 Rammer	5
3 Fasar og oppgåver i interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland	5
3.1 Forprosjekt	5
3.2 Politisk handsaming og tinging av hovudprosjekt	5
3.3 Konstituering av interkommunal planutval	6
3.4 Etablering av administrative organiseringa	6
3.5 Oppstart og utarbeiding av planprogram	6
3.6 Utarbeiding av planforslag - medverknad og innspel	6
3.7 Kommunestyret – handsaming planforslag	7
4 Kva skal planen innehalde	7
4.1 Planomtale m/konsekvensutgreiing	8
4.2 Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheitsanalyse	8
4.3 Kart	8
4.4 Føresegn	8
5 Organisering av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland	8
5.1 Prosjekteigar	9
5.2 Interkommunalt planutval (IKPU)	9
5.3 Styringsgruppe og prosjektleiar	10
5.4 Arbeidsgruppe	10
5.5 Fasilitator og tilretteleggar	11
5.6 Kommunane sitt eige arbeid, forankring organisering og leveranse	11
5.7 Organisasjonskart og grafisk framstilling av planen	12
5.8 Samarbeidet med regionale aktørar som Vestland fylkeskommune, fylkesmannen og Havforskningsinstituttet	13
5.9 Usemje	14
6 Handlingsrom og formål med arbeidet	14
6.1 Arealformål	14
6.2 Føresegn	14
6.3 Formål med planarbeidet	15
7 Aktuelle plantema	15
7.1 ROS	15
7.2 Landskap, naturmangfald og kulturminne/kulturmiljø	16
7.3 Friluftsliv, strandsone	16
7.4 Næringsaktivitet	16
7.4.1 Fiske	16
7.4.2 Akvakultur	17
7.4.3 Skjelsand	17
7.4.4 Reiseliv	18
7.5 Forsvaret	18
7.6 Transport, samferdsel, hamneanlegg	18
7.7 Samanheng land sjø	18
8 Framdriftsplan	18
9 Økonomi og ressursbruk	19

Forprosjekt Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland

1 Innleiing

Nordhordland har eit sjøareal som er svært variert med tronge fjordar til opent hav. Det er mange ulike interesser og bruk av areala som må samordnast. Ofte vil desse interessene gå på tvers av kommunegrensene og det er difor naudsynt å ha ein heilskapleg forvaltning av sjøområda der ulike omsyn vert teke i vare. Arbeidet med in interkommunal plan for sjøareal har vore utsett på grunn av andre tunge prosessar som kommunesamanslåing, men no er prosessen starta opp. Regionrådet har i første omgang tinga eit forprosjekt som vil danna grunnlag for vedtak i kommunestyret i den einskilde kommune. Desse kommunane er tenkt å vera med i den interkommunale planen:

- Alver
- Austrheim
- Fedje
- Gulen
- Masfjorden
- Modalen
- Osterøy

Planen gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet/sjøgrensa i elveosar og ned til sjøbotn. Planområdet er avgrensa mot land i kystkonturen, basert på kote null av 1954 i kartverket (middelvannstand). Avgrensing mot havet ved 1 nautisk mil utanfor grunnlinja.

1.1 Kvifor ein interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland?

Det er fleire gode grunner til at det bør vere ein interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland:

- Bruken av sjøareala i ein kommune påverkar sjøareala i ein annan kommune.
- Sjøareala vert nytta til mange aktivitetar og næringar frå tradisjonelt fiske, oppdrett, matauk, reiseliv, transport av varer og persontrafikk, industri og vedlikehald, men og til forsvaret sine øvingar. Tare dyrking og oppdrett av til dømes sjøpølser kan verta nye aktuelle næringar hjå oss. Sjøområda er også viktig som fritids- og rekreasjonsområde for innbyggjarane våre, men og for tilreisande og hyttefolk. Auka aktivitet i sjøareala våre kan auka potensiale for konflikhtar, men og fungera godt saman om arealplanlegginga er god og basert på kunnskap og respekt for ulike bruk. Det er mange leidningar på sjøbotn i Nordhordland knytt til olje, gass, kraftforsyning og avløp.
- Arealplanar knytt til sjøareal har andre utfordringar enn arealplanar på land. Marin sektor mange stadar i sterk vekst og ny teknologi, nye typar aktivitetar og nye forvaltningsprinsipp gir stadig nye utfordringar og problemstillingar i forhold til forvaltning av sjøareala. I Nordhordland er det og mange farleier og hamner som det er stor aktivitet på heile året, det er knytt mange ulike og viktige næringsinteresser til desse. Det er viktig å sjå dette i samanheng for heile regionen.

- Frå 2017 er kysten delt inn i 13 geografisk avgrensa produksjonsområde for laks og aure. Produksjonskapasiteten innanfor kvart område vil i framover verta regulert basert på området sin miljømessige berekraft. I første omgang med lakselus som ein viktig miljøindikator. Samstundes har Mattilsynet endra sine råd om minste-avstand mellom anlegg. Tilgang til gode og berekraftige lokalitetar vil være avgjerande for ein positiv utvikling for akvakulturnæringa innanfor kvart produksjonsområde. Nordhordland er i produksjonsområde 4 og har fått “raudt lys”, noko som kan gi ein reduksjon i produksjonen i deler av regionen.
- Desse kommunane utgjer ein stor del av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde. Eit biosfæreområde skal vera berekraftig utvikling i praksis. Kommunane har eit stort ansvar for å legge grunnlaget for ein berekraftig, heilskapleg og langsiktig forvaltning av sjøareala i sin kommune. Det gjeld for alle næringar. Det er under arbeid ein marin verneplan for Lurefjorden med Lindåspollen. Den Indre Farleia er eit verneverdig kulturhistorisk sjøområde frå Alversund til straumane i Austrheim. Oppdaterte og aktuelle arealplanar for sjøareal er ein viktig del av forvaltninga.
- Staten har forventningar til at kommunane får til interkommunale planer for sjøareal. [I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#) står det følgjande; «Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv.» Det same vert også tatt opp i [Rundskriv H-6/18](#) – Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområde. for å sikre berekraftig utvikling.
- Oppdaterte planar vil styrke kommunane sin rolle og handlefridom i utviklinga av akvakultur og andre sjøretta næringar. Det vil også gi reduserte konflikter lokalt og gi mindre behov for dispensasjonssaker. Det vil difor gi større forutsigbarhet for næringa og meir effektiv sakshandsaming.
- [Vassområde Nordhordland](#) er eit prosjekt som ikkje er bestemt av kommunegrensar, den er bestemt av grensene til vassdraga og i kva fjord desse renn ut. Måla er å finne årsakene til dårlege miljøforhold og om nødvendig sette i verk forbetringstiltak. Poenget blir å finne ut kor mykje menneskeleg påverknad fisk, muslingar, tareskog osv. kan tola. Dette arbeidet går på tvers av kommunegrensene slik som også interkommunal plan for sjøareal må.

2 Bakgrunn for forprosjektet

2.1 Forprosjektets mål

Resultatmål.

- Forprosjektet skal avklara forventa arbeidsinnsats og finansiering frå deltakande kommunar så langt det er mogleg.
- Forprosjektet skal fungera som grunnlag for avgjerd om deltaking frå dei enkelte kommunar.
- Forprosjektet skal kartlegge kva som er naudsynt av tekniske, økonomiske, organisatoriske og personalmessige ressursar for gjennomføra ein interkommunal kommunedelplan for sjøareala i Nordhordland.
- Forprosjektet skal fungera som underlag for finansieringssøknad til Fylkesmannen.

Effekt mål.

- Forprosjektet skal leia frem til oppstart av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland med vedtak i kommunestyra innan første møte hausten 2020.

2.2 Rammer

Forprosjektet skal avklare følgjande:

- Formålet med interkommunal plan for sjøareal og aktuelle plantema
- Forslag til prosjektorganisering
 - Organisering av planarbeidet (Prosjekteigar, styringsgruppe, planutval, arbeidsgrupper osv.)
 - Ansvarsfordeling/oppgåveløysing: styringsgruppe, planutval, arbeidsgruppe, prosjektleiar
 - Konkretisering av forventa leveransar frå kvar enkelt kommune
 - Prosjektleiar sitt mandat og ansvarsområde
 - Forventa ressursbruk i deltakarkommunane, personalbruk, reisekostnader, delfinansiering
- Administrative avklaringar/ansvar for
 - Rekneskap
 - Arkiv
 - Rapporteringsansvar
- Samarbeidet med Vestland Fylkeskommune og Fylkesmannen
 - Tilskot
 - Medverknad
 - Leveransar
- IT-løysingar
 - Løysning for det karttekniske
 - Programløysingar
 - Innsynsløysingar
 - Medverknad
- Kostnadsestimat
 - Totalbudsjett
 - Finansiering
 - Kostnadsfordeling (tidsbruk, reisekostnader, direktebidrag)
- Framdriftsplan
- Avklaring med deltakande kommunar (krav, føresetnadar for deltaking, tilgjengelege ressursar, forpliktande bidrag)

3 Fasar og oppgåver i interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

3.1 Forprosjekt

Forprosjektet skal kartlegga kva som er naudsynt av tekniske, økonomiske, organisatoriske og personalmessige ressursar for å gjennomføra ein interkommunal kommunedelplan for sjøareala i Nordhordland.

Forprosjektet skal fungera som grunnlag for å gjera vedtak om deltaking for den enkelte kommune. Det skal utarbeidast saksframlegg som skal sendast til kommunane.

3.2 Politisk handsaming og tinging av hovudprosjekt

Kvar enkelt kommune må gjera vedtak i kommunestyret om deltaking i den interkommunale planprosessen. Kommunestyret må også gjera vedtak om å delegera planmynde for sjøareala til eit interkommunalt planutval [jf. § 9-3 i PBL](#).

Kommunestyret oppnemner samstundes sin representant med vara til det interkommunale planutvalet.

3.3 Konstituering av interkommunal planutval

Så snart alle kommunar har gjort vedtak og oppnemnt ein fast representant og ein vara til interkommunalt planutval (IKPU) vert planutvalet innkalla til møte for konstituerande møte, og vel leiar og nestleiar av utvalet. Sjå kap. 5.2 for nærare omtale av IKPU.

3.4 Etablering av administrative organiseringa

For at arbeidet skal lukkast må alle kommunane etablera eit prosjekt som om det skal utarbeidast ein eigen kommunedelplan for sjøareal. Den interkommunale planen består av delplanar for sjøarealet i regionen sett i saman med eit felles rammeverk. Styringsgruppa for prosjektet er rådmennene. Det etablerast ei eiga arbeidsgruppa med ein representant frå kvar kommune med planfagleg kompetanse. Sjå eiga kapittel om dette.


3.5 Oppstart og utarbeiding av planprogram

For alle regionale planar og kommuneplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kommuneplanar skal i planomtalen gi ein særskilt vurdering og skildring. Konsekvensutgreiing - planen sine verknadar for miljø og samfunn. Planprogrammet må gjera greie for trongen for utgreiingar jf. [§ 4-2 i PBL](#).

Planprogrammet skal gjera greie for:

- formålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad
- kva alternativ som vil bli vurdert
- trøng for utgreiingar – kartlegging

Prosess for planprogrammet:



Forslag til planprogram vert send på høyring/offentleg ettersyn samstundes med varsling av planoppstart.

Planprogrammet vert formelt vedteke av IKPU, men kvar kommune må syte for ein god politisk forankring i eige planutval. Denne handsaminga må vere som om det var kommunen sitt eige planprogram. Det skal skje før IKPU sender utkast til planprogram på høyring.

3.6 Utarbeiding av planforslag - medverknad og innspel

Frå eit demokratisk perspektiv er det viktig at alle interesser vert høyrd, og at det vert lagt godt til rette for innspel. Medverknad kan bidra med viktig kunnskap og fremja

kreativitet og kvalitet i planlegginga, og dermed bidra til ein betre plan.

Vidare kan medverknad bidra til å skapa forståing for at det er ulike interesser i ein planprosess, og det kan bidra til å redusere konfliktnivået. God prosess for medverknad vil bidra til større forankring og oppslutting om planen mellom aktørane som er involvert i planprosessen. Når planen for sjøareal er ferdig vedteke og skal brukast i kommunane sin arealforvaltning, er det viktig at både innbyggjarane og viktige brukarar har eit eigarskap til planen.

Tidleg dialog og medverknad frå offentlege instansar er viktig for å laga ein god plan. Erfaringane viser at mange konflikter kan løysast gjennom ein god dialog med dei. Det bør derfor leggast vekt på dialogmøte med offentlege instansar i heile prosessen.

Konkret opplegg for medverknad og innspel vil verta omtalt i planprogrammet, men det er naturleg å peike på følgjande prinsipp:

- Open digital plandialog, all korrespondanse, innspel, referat og høyringsprosessar skal være opne og digitalt tilgjengeleg.
- Lokale medverknadsprosess i regi av kvar enkelt kommune (eks. folkemøte og/eller innspelsverkstad)
- Innspelgrupper - interkommunale grupper som representerer ulike interesser f.eks.: friluftsliv, turisme, fiskeri, akvakultur.
- Det skal leggast vekt på å kartlegge marin næring sine behov og arealbruk.
- Dialogmøte med offentlege instansar gjennom heile prosessen.

3.7 Kommunestyret – handsaming planforslag

Når IKPU har vedtatt endeleg planforslag **vert det sendt til den enkelte kommune for endeleg vedtak for sine areal.**

Den enkelte kommune står fritt i forhold til å vedta planen eller gjera endringar i planen innanfor sin eigen kommunegrense. Gjer kommunen endringar som ikkje har vore på offentleg ettersyn må desse endringane takast opp til ny handsaming i tråd med plan- og bygningslova. Ein ny høyringsrunde etter at planen er oversendt kommunen vil vera den enkelte kommune sitt ansvar og må utførast i eigen regi vidare.

Kvar enkelt kommune er ansvarleg for kunngjering av endeleg vedtatt plan. Kommunane er også ansvarleg for å arkivere alle plandokument og kartfiler i eige planarkiv.

4 Kva skal planen innehalde

Kommuneplanen sin arealdel gjev rammer for arealbruken i kommunen. Interkommunal plan for sjøareal skal utformast som kommuneplanen sin arealdel, og vera gjeldande for kommunane sitt sjøareal. Kommuneplanen sin arealdel styrer og samordnar arealbruken, slik at det blir lettare å utarbeide meir detaljerte planar og gjera vedtak i enkeltsaker som er i tråd med kommunale mål og nasjonal arealpolitikk.

4.1 Analyse og situasjonsbeskriving

Der må lagast ein situasjonsbeskriving og analyse av sjøareala i Regionen. Denne analysen må mellom anna innehalde følgjande:

- Korleis er dagens bruk av sjøareal
- Kva utfordringar er det med dagens bruk

- Kva ønskjer og behov er der for endringar i bruken av sjøareal til ulike interessegrupper

Dette arbeidet vil danne eit viktig grunnlag for kva utfordringar planarbeidet skal løyse.

Dette er eit arbeid som ein ikkje vil kunne løyse med eigne ressursar, men ein må kjøpe det inn eksternt.

Dette vil vere eit viktig arbeid som må konkretiserast i planprogrammet. Bestilling og mandat for arbeidet vert gjort av IKPU.

4.2 Planomtale m/konsekvensutgreiing

Planomtalen skal skildra planen sitt formål, hovudinnhald og verknadar, samt planen sine tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Planen sine tilhøve til andre planar som gjeld for området skal også skildrast. Planomtalen skal gi eit dekkande bilete av omsyna bak planen. Den må også visa kva planen vil medføra av verknadar for aktuelle partar, interesser og omsyn.

Planomtalen skal gi ein særskilt vurdering og skildring - **konsekvensutgreiing** - av planen sine verknadar for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast på grunnlag av vedteke planprogram, jf. [§ 4-1](#).

4.3 Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheitsanalyse

Analysen skal visa alle tilhøve for risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging.

4.4 Kart

Plankartet skal lages i digitalt format og følgja nasjonal standard. Plangrense mot land vil i utgangspunktet vera felles kystkontur frå Kartverket, men endeleg plangrense vert fastsett i planprogrammet.

4.5 Føresegn

Det skal utarbeidast felles føresegner for heile planområdet. Det kan bli vurdert at det er lokale tilpassingar av føresegner og retningslinjer som vert utarbeida av den enkelte kommune.

5 Organisering av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland

Planen er å organisere dette som eit interkommunalt samarbeid slik plan og bygningslova gir heimel for i § 9. Dette er gjort med godt resultat i Troms og forslaget vårt er å følgje om lag same modell. Interkommunal plan for sjøareal består av enkeltplanar (frå kvar kommune som deltek), men det er gjort samla vurderingar.

Eit slikt samarbeid legg til grunn at deltakande kommunar delegerer planmynde til eit interkommunalt planutval (IKPU/planutvalet) med ein representant med vara per kommune. Jf. [§§ 9-2 og 9-3](#). Det interkommunale planutvalet får ansvar for planstart, utarbeida og fastsetja felles planprogram og plan. Planutvalet har vidare ansvar for offentleg ettersyn, merknadshandsaming og innstilling til dei respektive kommunestyra. Det endelege planvedtaket skal gjerast i kvar enkelt kommune, og berre for eige planområde. Det endelege produktet er mange enkeltplanar laga over same mal med

ein samla vurdering og utgreiing

Kvar einskild kommune må ha planprosessar for sine areal som om det var ein eigen planprosess. IKPU har ansvaret for å sjå desse enkeltplanane i samanheng og syte for heilskapen i den regionale planen. I dialogen og høyring med næring og regionale mynde så vert det samordna av IKPU.

Erfaringar frå andre interkommunale prosjekt viser at denne modellen er mest effektivt i å leia fram til ein endeleg plan. For og lukkast må det vere god lokal forankring. Det er lagt føringar for korleis rapporteringa frå representanten i IKPU skal rapportera til politisk nivå i eigen kommune.

5.1 Prosjekteigar

Prosjektet er bestilt og sett igong av Regionrådet (prosjekteigar). Styringsgruppa vil rapportere tilbake til Regionrådet. Nordhordland Utviklingsselskap (NUI) som har følgt opp denne bestillinga vil fungere som fasilitator og tilretteleggar for prosjektet. Dette prosjektet føl den prosessen som er beskrive i Plan og bygningsloven og det vert valt eit interkommunalt planutval.

5.2 Interkommunalt planutval (IKPU)

Det interkommunale Planutvalet (IKPU) er eit politisk oppnemnd styre som skal leie planarbeidet jf. § 9-2 i PBL. Dei deltakande kommunane må gjennom vedtak overføre mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU (§ 9-3 i PBL). IKPU har ansvar for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtar forslag til planomtale, plankart og føresegn, gjennomfører offentleg ettersyn og innstiller det endelege planforslaget til kommunestyra. Det er berre kommunestyret i den enkelte kommune som kan foreta eigengodkjenning av planen.

Loven fastslår at det skal være same tal representantar frå kvar kommune, med mindre kommunane er einige om noko anna. For å sikre at det vert ein god forankring i planutvalet i den enkelte kommune bør leiar i planutvalet veljast til å delta i IKPU og at nestleiar vert vara. I dei kommunane som ikkje har eit særskilt planutval, men formannskapet har den rolla er det naturleg at ordførar vert valt til IKPU og varaordførar vert vara.

IKPU konstituerer seg sjølve med val av leiar og nestleiar.

Mandat: Det interkommunale Planutvalet (IKPU) har ansvar for planprosessen frå planoppstart frem til det ligg føre forslag om ein endeleg plan som kan sendast over til kommunane for endeleg vedtak. Dei deltakande kommunane må vedta å overføre mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU (§ 9-3 i PBL).

IKPU har ansvar for å utarbeide og vedta felles planprogram, utarbeide plan, vedta planforslag, gjennomføre høyring av plan og foreta korrigeringar av planforslag etter høyring. IKPU har mynde til å forhandle fram løysingar som kan få sektorstyresmaktane til å fråfalle motsegn til planen i perioden frå høyring til endeleg planforslag. IKPU sender så vedtatt planforslag over til kommunane for eigengodkjenning. Dersom det ved IKPU sitt vedtak av endeleg planforslag står att motsegn som ikkje er mogleg å avklare gjennom dialog vert dette send over til kommunen saman med endeleg planforslag. Det er berre den enkelte kommune som kan be Fylkesmannen om mekling.

Medlemmene i IKPU har ansvar for kommunikasjon med det politiske miljø i egen kommune. Det er viktig at medlemmene i Planutvalet drøftar planarbeidet i relevante kommunale forum (formannskap, planutval og kommunestyre) for å ha god forankring og eit godt grunnlag for å gjere vedtak i IKPU.

Medlemmene i IKPU har saman med administrasjonen i eigen kommune ein sentral rolle i forhold til prosessen for medverknad. Det betyr deltaking på lokale folkemøte eller andre prosessar som det vert lagt opp til i planprogrammet.

Leiar av IKPU setter dagsorden for møta i IKPU og leiar møte. Leiar av IKPU har ansvaret for å uttala seg om dei felles politiske prosessane og vedtak. Leiar av IKPU representerer IKPU i møte med sektormynde ol. eller det som IKPU gjer vedtak om.

5.3 Styringsgruppe og prosjektleiar

Det er ein fordel å skilje administrativ styring av prosjektet og det politiske arbeidet med utarbeiding av plan. Rådmannsgruppa vert styringsgruppa med ansvar for prosjektet sin framdrift.

Ein interkommunal plan består av mange kommunedelplanar og difor må ein stor del av arbeidet skje i den enkelte kommune. Kvar kommune må organisera seg slik som ein ville gjort dersom det skulle utarbeidast ein kommunedelplan for sjøareal. I og med at desse kommunedelplanane skal inngå i ein interkommunal plan så må dette gjerast med lik metodikk, kvalitet og progresjon/timeplan. Det vil også vere viktig at ein gjer seg nytte av felles kunnskap og metodikk slik at ein får til rasjonelle prosessar.

Det vert velt ein leiar av styringsgruppa som vil vere prosjektleiar i prosjektet. Leiar i arbeidsgruppa og NUI sin fasilitator rapporterer til leiar av styringsgruppa.

Mandat: Styringsgruppa har ansvar for prosjektet sin progresjon, finansiering og økonomistyring. Styringsgruppa har ansvar for at prosjektet til ein kvar tid har dei nødvendige ressursar for gjennomføring av prosjektet og at det vert sett av naudsynte administrative ressursar i kommunane til å følgje opp prosjektet.

5.4 Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa skal bestå av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i den utforminga av ein plan. Arbeidsgruppa vil vere sentral i dei faglege vurderingane i utarbeidinga av planomtale, konsekvensvurdering og ROS-analyse.

I kvar einskild kommune må det etablerast ein organisering som om det skulle lagast ein eigne kommunedelplan for sjøareal. Leiaren for dette arbeidet er den som skal delta i den interkommunale arbeidsgruppa.

For at arbeidet skal ha ein god forankring er det viktig at arbeidet i størst mogleg grad vert gjort av kommunane sjølve. Det kan også vere aktuelt med noko innleigd kompetanse. På den måten vil ein i større grad sikre eigarskap og at kompetansen vert i kommunane.

Ein stor del av arbeidet må skje i kvar einskild kommune, men samstundes er det viktig at ein nyttar ut dei "stordriftsfordelane" med at det skal utarbeidast ein interkommunal plan. Det kan gjerast ved at ein/fleire av dei som deltek i arbeidsgruppa vert frikjøpt til å kunne jobbe med den interkommunale planen på heiltid. Det vil vere naturleg at den personen som vil jobbe mest med det interkommunale arbeidet vert leiar av arbeidsgruppa. Denne personen vert oppnemnt av styringsgruppa.

Leiar av arbeidsgruppa vert fagleg ansvarleg for prosjektet.

Til kartproduksjon må arbeidsgruppa få ressursar frå Nordhordland digitalt og eventuell anna kartkompetanse frå kommunane. Det er arbeidsgruppa som er bestillar av arbeidet. Det er viktig at det er nok ressursar til å utarbeide kart som

grunnlag i arbeidet.

Mandat: Arbeidsgruppa har som oppgåve å bringa opplysingar, dokument og kartgrunnlag for kvar kommune (oversikt over planar/reguleringsplanar i/ eller tilknytning til sjø, strategidokument ol.). Arbeidsgruppa skal arbeide konkret med utarbeidinga av planprogram gjennom deltaking på arbeidsmøte.

Arbeidsgruppa må vere med å avgjere kva som må kjøpast inn av ekstern kompetanse til å utarbeide konsekvensutgreiing (KU) for tiltak og forslag til plankart, planomtale og føresegner i kvar enkelt kommune. Arbeidsgruppa sine medlem må legge til rette for at arbeidet skjer på ein rasjonell måte.

Kontaktpersonen skal i tillegg ivareta kommunikasjon mellom administrasjonen i den enkelte kommune og prosjektet. Kontaktpersonen har saman med rådmann og kommunen sitt medlem i IKPU ansvar for lokal prosess for medverknad. Det betyr ansvar for å arrangere lokale folkemøte eller andre prosessar saman med planverksemd for medverknad som det vert lagt opp til i planprogrammet.

Arbeidsgruppa har ansvar for utarbeiding av plankart og plandokument. Kommunane gjev digitalt planinnsyn. Etter offentlig ettersyn vert det laga plankart for kvar kommune. Dei vert oversend til kvar kommune for vedtak.

Gruppa sine medlem bør vera ein som til dagleg jobbar med planprosessar i kommunen.

5.5 Fasilitator og tilretteleggar

NUI sin rolle i prosjektet er å vere ein fasilitator/tilretteleggar og koordinator i prosjektet. NUI sin person vil samarbeide tett med arbeidsgruppa, styringsgruppa og det IKPU.

NUI sin person vil mellom anna ta ansvar for i samarbeid med leiar i dei ulike gruppene:

- Innkalling til møte og praktisk førebuing
- Referat frå møte
- Framdrift og styring
- Rekneskap og budsjett

5.6 Kommunane sitt eige arbeid, forankring organisering og leveranse

I kvar kommune må arbeidet med den interkommunale planen for sjøareal organiserast som om det var ein eigen kommunal plan for sjøareal innafor eigne grenser. Dette vil mellom anna gjelde for:

- Politiske organiseringa
- Administrative
- Høyring hos interessegrupper som er i eigen kommune (som ikkje går på tvers av regionen)

Den som vert valt som medlem i det i IKPU av kommunestyret skal forankre sine vurderingar og rapportere tilbake til politisk nivå i eigen kommune. Det vil vere naturleg at det politiske nivået er formannskapet og/eller hovudutval for areal, men det kan variere noko kva som er formålstenleg. Rapportering og forankring av vurderingar må skje i samarbeid med kommunen sitt medlem i arbeidsgruppa og rådmann som er med i styringsgruppa.

Saker/tema som representanten i det IKPU skal ha drøfta i politiske organ i eigen kommune før det vert vedteke av IKPU er:

- Planprogrammet - før det vert sendt ut på høyring
- Planprogrammet – endeleg dersom store avvik i høve til det som var sendt på høyring

- Forslag til endringar i bruken av areal i eigen kommune
- Plan og planforslag før det vert sendt ut på høyring
- Plan og planforslag før det vert vedteke av IKPU og sendt til kvar einskild kommune dersom store endringar i høve til det som var sendt på høyring.

Styringsgruppa vil fastsette meir detaljert kva som skal gjerast i kvar einskild kommune og ein framdriftsplan. Dette skal vere med å sikre den lokale forankringa og at det vert ein felles og samd framdrift i prosjektet.


Kvar enkelt kommune må levere aktuelt materiale som kan legge føringar for planlegginga: samfunnsplan, kommunedelplanar, overordna ROS-analyser ol..

Alle kommunar som deltek i prosjektet må forplikta seg til å levera alle relevante arealplanar (reguleringsplanar, kommunedelplanar, arealplanar) som digitaliserte filar til prosjektet (SOSI-filer og tekstfiler).

Den enkelte kommune er ansvarleg for å ivareta samanhengen med andre kommunale planar og vedtak. Det gjeld særleg i overgangen mellom sjø og land for sitt område.

Endeleg plankart vert levert den enkelte kommune i digitalt format etter SOSI-standard og som PDF i målestokk mellom 1:20 000 og 1:50 000. Plankartet vil omfatta areal innanfor kommunen sine egne grenser.

5.7 Organisasjonskart og grafisk framstilling av planen




Felles omtale i planen - stikkord

- Bakgrunn og formål med arbeidet
- Planprosessen
- Planstatus og rammebetingelsar
- Bekriving av arealbruken i dag - samla for regionene og innafør kvar kommune
- Beskriving av planforslaget
- Gjennomgang av aktuelle formål/oversikt over areal som er satt av til ulike formål - samla for regione og innafør kvar kommune
- Konskevensutgreiing

Kommunevis

- Kart - kommunevis



5.8 Samarbeidet med regionale aktørar som Vestland fylkeskommune, fylkesmannen og Havforskningsinstituttet

Det er viktig og ha god kontakt med dei regionale og stateleg aktørane. Vestland fylkeskommune vil vere ein viktig medspelar i planprosessen. Vestland fylkeskommune har tilgang på ressursar på kunnskap- og analysesida for sjøareala våre som kommunane i Nordhordland kan dra nytte av i dette planarbeidet. Det vil også vere viktig å ha god kontakt med fylkesmannen og deira innspel til arbeidet så

tidleg som mogleg.

Havforskningsinstituttet (HI) i Bergen er eit av dei største marine forskingsinstitutta i Europa med omlag 1000 tilsette. Hovudaktivitetane deira er forskning, rådgjeving og overvaking. HI er ein leiande kunnskapsleverandør for ein berekraftig forvaltning av ressursane i dei marine økosystema, og for heile kjeda frå hav til mat. Deira kunnskap kan Nordhordland dra god nytte av i planarbeidet på ulikt vis.

Det er viktig at dette samarbeidet og kontakt til regionale aktørar og interessefelleskap som går på tvers av kommunane skjer samla for heile regionen og ikkje enkeltvis som kommunar. Det vil vere eit sentral oppgåve for IKPU.

5.9 Usemje

Dersom kommunane ikkje blir samde om innhaldet i eit samla planforslag, kan IKPU eller den enkelte kommune oppmode Fylkesmannen eller regional planmynde om å mekla.

Ein kommune kan med tre månadar skriftleg varsel gå ut av plansamarbeidet. Dei andre kommunane kan fortsetja plansamarbeidet for det området dei dekker.

6 Handlingsrom og formål med arbeidet

Den interkommunale planen for sjøareal er å rekna som ein kommuneplan for sjøareala i kommunane. Kapittel 11 i plan og bygningsloven set rammar for planlegginga med kva type formål og føresegn som kan gjevast i planen.

6.1 Arealformål

[Plan- og bygningsloven § 11-7](#) set rammar for kva arealformål som kan visast i kommuneplanen sin arealdel. Som det går fram av tabellen er det relativt få arealformål som kan nyttast i sjøareal. I tillegg kan ein del formål knytt til land vere aktuell i samband med område som ligg i overgangen sjø/land, f.eks. kor det skal fyllast i sjø.

Tabell 1. Utdrag av vedlegg I i kart- og planforskrifta. Tabellen viser arealformål som kan visast i KP (kommuneplan)

Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	KP
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	6001
Ferdsel	6100
Farleier	6200
Småbåthamn	6230
Fiske	6300
Akvakultur	6400
Drikkevatn	6500
Naturområde	6600
Friluftsområde	6700
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhøyrande strandsone	6800

I tillegg til formål er det mogleg å setja av omsynssoner av ulike type jamfør § 11-8 i PBL for eksempel knytt til tilhøve som fare og miljørisiko, krav til infrastruktur, omsyn til friluftsliv, omsyn til natur- eller kulturmiljø.

6.2 Føresegn

Kva føresegn som kan knytast opp til arealformål vert regulert av plan og bygningslova sine §§ 11-9 til 11. Det er verd å merka seg at for arealformål knytt til sjø er det PBL § 11-11 som gjeld. Det er difor ikkje mogleg å knyta føresegn til fysisk utforming av anlegg som ligg i sjø slik ein kan på land, ut over det som vert gjeve rom for i dei generelle føresegna. § 11-9 seier kva generelle føresegn som kan brukast uavhengig av arealformål. § 11-9 nr. 1 gir kommunen heimel til å stilla krav om reguleringsplan.

Sjølv om plan og bygningsloven gjev heimel til å knyta føresegn til miljøkvalitet, miljøoppfølging og – overvaking (§ 11-9 nr. 6 og 8) vil det ofte vera særlover som overstyrer plan og bygningsloven. Eit sentralt eksempel på dette er regulering av akvakulturanlegg som styrer etter ein rekke lover og forskrifter: Akvakulturlova m/føreskrift, matlova, dyrevelferdslova, hamne- og farvasslova, forurensinglova og vassressurslova. I akvakulturlova § 6 er det gjeve ein kompetansefordeling mellom de ulike sektorlovene og sektorstyresmaktane. Kommunen som planmynde avgjer kor det er aktuelt å ha akvakulturanlegg, mens det er opp til fylkeskommunen og relevante sektormynde å avgjere kven som skal kunne nytta seg av arealet, saman med omfang og vilkår for drifta. Det siste punktet kan og styrast ein del av kommunen gjennom klare føresegner til arealdelen. Ansvar for berekraftig utvikling

Det at andre forvaltningsorgan enn kommunen har ansvar for tildeling og drift av akvakulturløyve fråtek ikkje kommunane ansvar og mynde når det gjeld å sikra ein god og berekraftig bruk av dei areal som skal setjast av til akvakultur i arealplanane. Kommunen sin arealplanlegging er grunnleggande for å ivareta dei sentrale måla i politikken for ein berekraftig utvikling.

Kommunen sin viktigaste reiskap til å sikra berekraftig arealbruk er å vurdera kva konsekvensar arealutnyttinga kan ha for miljø, klima, naturressursar og samfunn før arealbruken vert fastlagt. "Føre var"-prinsippet, og prinsippet om at naturen sine tolegrensar ikkje må verta overskride skal leggjast til grunn for all forvaltning. Dette vert sikra gjennom at kommuneplanar er pålagt å utføre konsekvensutgreiing, og at alle tiltak skal vurderast i medhald av naturmangfaldlova. Eit sentralt føremål med denne prosessen er at det skal gjerast veging av ulike interesser som vedkjem arealbruken.

6.3 Formål med planarbeidet

Arealplanen skal visa hovudtrekka i korleis areala i sjøen skal nyttast og vernast, og kva viktige omsyn som må takast hand om ved disponeringa av areala. Arealdelen skal sjåast i eit langsiktig og berekraftig perspektiv.

Planen skal gi næringar som er knytt til sjø høve til auka verdiskaping i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling. Eksisterande og framtidig arealbehov til ulike aktivitetar vil i planprosessen bli vege opp mot:

- Natur og miljøtilhøve
- landskapsomsyn
- fiskeri og fritidsfiske
- farlei
- havbruk
- rekreasjon og friluftsliv
- marint biologisk mangfald
- lokale og politiske interesser
- føringar frå mynde

Endeleg formål må vedtakast i samband med utarbeidinga av planprogrammet.

7 Aktuelle plantema

Planprogrammet skal gjera greie for kva plantema som er aktuelle for planarbeidet og ein endeleg skildring av plantema gjer IKPU vedtak om.

7.1 ROS

Plan og bygningslova har krav til at det vert utarbeida risiko- og sårbarheits-analysar når det skal utarbeidast planar for utbygging jf. § 4-3. I Nordhordland er utfordringar særleg knytt til skipstrafikk og akutt forureining. Andre aktuelle tema er:

- Klimaendringar og naturskadar

- Fiskesjukdommar (oppdrett) og lakselus
- Øydelegging av resipienten (fjordsystem) av næringsalter og forureining

7.2 Landskap, naturmangfald og kulturminne/kulturmiljø

All utbygging påverkar landskapet, naturmiljøet og det eksisterande kulturmiljøet. Det gjeld både sjølv utbyggingsarealet og områda rundt. Landskap, natur og kulturminne er også ressursar som er grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling.

Område som er verna på grunn av landskaps-, natur- eller kulturminneverdiar og automatisk freda kulturminne skal setjast av i plan som bandlagte område. Andre område av verdi for biologisk mangfald, friluftsliv, kulturlandskap eller andre verdifulle areal- og naturressursar i sjø kan setjast av som omsynssoner.

Basert på data frå naturbase.no og andre kjente registreringar er dei registrerte marine naturområda sett av som formålsområde eller ved omsynssone. Det er naturleg å føre desse vidare i komande plan. Stadar for sjøtre (korallrev), ålegrassamfunn, men og stadar for vill østers og kamskjell må få omsynssone.

Det er få data knytt til kulturminne i sjø. Ny kunnskap som kjem inn i planarbeidet vert teke inn i planen. Kulturminne på land vil liggja utanfor planområdet, og vil sjeldan verta fysisk påverka av tiltak i sjø. Erfaring frå tidlegare planprosessar viser at faste installasjonar og anlegg i sjø kan påverka opplevinga av kulturminne og landskap. Her kan det verta aktuelt med omsynssone i sjø knytt til viktige kulturmiljø og kulturlandskap.

7.3 Friluftsliv, strandsoner

Sjøområda er viktige fritids- og rekreasjonsområde for mange av innbyggjarane våre, men Nordhordland sitt sjøareal er også Bergensområdet sitt «Nordmarka». Friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet skal etter nasjonale føringar vektleggast sterkt i arealplanlegginga. Friluftslivet sitt naturgrunnlag og ålmenta sine rett til ferdsel og opphald i naturen er sikra gjennom friluftslova (Lov 1957-06-28 nr.16) og gjeld i same grad på land som til sjøs. Område av nasjonal og regional verdi må ein ta inn som eigne formål eller omsynssoner. Kartlegging av viktige lokale, regionale og nasjonale friluftsområde er gjort i mange kommunar, det er også gjort i sjøområda i ein del kommunar i Nordhordland. Viktige område for fridykking, dykking og padling må og vektleggast her. Tettfolka område mot sjø som Alversund-Knarvik-Frekhaug, men og fjordområda mot Salhus-Askøy-Herdla har særleg mange verne- og brukarinteresser knytt til friluftsliv og rekreasjon.

Å ta vare på strandsona er eit anna nasjonalt viktig plantema. Landdelen av strandsona vil ikkje vera tema for denne planen.

7.4 Næringsaktivitet

Marine næringar er eit prioritert satsingsområde både nasjonalt og lokalt. Å skapa plass for at berekraftige næringar med marin tilknytning skal få rom for å utvikle seg er viktig. Kva næringar som vil bli prioritert vil kunne variera.

7.4.1 Fiske

Område av nasjonal og regional verdi for fiske skal synleggjerast i planen. Dette gjeld ikkje berre aktive fiskeområde, men også område som er viktige for eit berekraftig fiskeri og tradisjonelt heimefiske. Viktige gyte- og oppvekstområde må setjast av som omsynssoner gyteområde og/eller fiske- eller naturområde. Stadar for ålegras er og viktige område her. Å få på plass rekefelt er og sentralt her.

Vurdering av kva område som er viktige kan vere komplisert. Fiskeri er ei dynamisk

næring og kor fiske skjer endrar seg gjerne frå år til år. Verdsetting av viktige fiskeområder manglar ofte gode data. Innsamling av ny og eldre data er viktig her.

7.4.2 Akvakultur

Det er nasjonale og regionale forventningar til vekst i oppdrettsnæringa mange stadar i Norge. Det er ein forutsetning for å ta i bruk eit areal til akvakultur at kommunen har satt det av til slik bruk i sin arealplan. Å vurdere avsetting av nye område for akvakultur er naturleg i ein ny planprosess. Det gjeld og fjerning av akvakulturområde som av ulike årsaker ikkje er gode lenger i forhold til kunnskap og erfaring me har i dag, eller som fører til betydelege konflikhtar med anna bruk.

Laks og regnbogaure

Status for Nordhordland er at det i hovudsak er oppdrett av laks og regnbogaure her. Veksten innanfor oppdrettsnæringa har ikkje berre ført til auka etterspørsel etter nye lokalitetar, men også til auka maksimal biomasse pr. lokalitet (MTB). Større biomasse pr. lokalitet set større krav til lokaliteten. Lokalitetar med god vassutskifting, sterk straum og som er djupe er gjerne attraktive lokalitetar. Der oppdrettarane før prioriterte skjerming for vind og bølger er trenden no at dei etablerer seg i meir eksponerte område for å oppnå gode straumtilhøve/vassutskifting.

Havbruksnæringa er delt opp i 13 produksjonsområde langs kysten. Nordhordland er i produksjonsområde 4 (PO4) som strekker seg frå Nordhordland til Stadt. Styring av produksjonskapasitet innanfor dette området vil bli regulert i forhold til miljøindikatorar (til dømes lakselus). Områda vil verta vurdert kvart andre år, og tillat biomasse i området vert justert i forhold til miljø-status. Gode resultat vil gi rom for vekst, dårlege resultat kan føra til reduksjon av produksjonsvolum. Nordhordland er i raud sone på grunn av uakseptabel miljøpåverknad. [I Forskriften om kapasitetsjusteringar går det fram av § 21](#) at en kan utnytte 94 % av tillatelsen sin pålydende.

Ei viktig brikke i førebygging av luseinfeksjon og andre fiskesjukdommar er tilgangen på gode lokalitetar med gode straumtilhøve og god avstand til andre anlegg. Optimalisering av eksisterande lokalitetar vert då viktig, men og søking etter nye lokalitetar med meir optimal plassering. For å kunne oppretthalda dagens produksjonsnivå og eventuell få vekst i oppdrettsnæringa i Nordhordland må forvaltinga optimaliserer lokalitetsstrukturen, men og finna driftsmåtar som reduserer kraftig luseproblemet. Dette for at villaksen og sjøauren skal overleva i våre sjø- og fjordområde og reprodusera seg.

Andre arter

Det er viktig og å vurdere trong for sjøareal for andre artar enn laks og aure. Dette arbeidet må vera kunnskapsbasert og sjåast opp mot andre verne- og brukarinteresser. Til dømes er oppdrett av sjøpølse ei næring mange har store forventningar til. Det same gjeld kveite, steinbit og mellom anna rognkjeks.

Integrert oppdrett

Anlegg med algar, tang/tare eller skjel som kan plasserast nært oppdrettsanlegg kan utnytte avfall frå fiskefor/fiskeavføringa til vekst. Slike anlegg kan vera med på å redusera mengda avfallsprodukt frå oppdrettsanlegg. Det finst få slike anlegg i Norge i dag, men dette kan verta meir aktuelt i framtida. Det bør difor vurderast korleis det kan leggest til rette for integrert oppdrett. I dag går næringssalt frå opne fiskeoppdrettsanlegg rett i havet. Ved samlokalisering av til dømes tareanlegg og fiskeoppdrettsanlegg kan ein utnytte desse næringssaltane som gjødsel til auka tareproduksjon. Slike oppdrett kan vera svært arealkrevjande og kan fort koma i konflikt med andre verne- og brukarinteresser.

7.4.3 Skjelsand

Område for uttak av skjelsand kan vera aktuell å finna nordvest i Nordhordland. Slike stadar må ikkje kom i konflikt med viktige biologiske område. I plan er det høve både for å setja av område for råstoffutvinning på botn, alternativt å hindra uttak ved å setja

av formål- eller omsynssone med føresegn.

7.4.4 Reiseliv

Reiselivsnæringa er ein vekstnæring i Nordhordland. Aktivitetar som turistfiske, båtturar, omvising, kajakkpadling og havrafting er alle knytt til sjøareal. Det finst ikkje eigne formål for turistaktivitetar i sjø, men formål som er aktuelt å knytte til slik aktivitet er omsynssoner for friluftsliv, naturmiljø eller kulturmiljø. Til dømes kan dette vera viktige sjøområde ved stadar som Hesjedalsfossen, Kilstraumen, Havråtunet, Kvalheim fritidssenter og Lyngheisenteret, men også i mange andre sjøområde hjå oss.

7.5 Forsvaret

Forsvaret sine øvingsområde og forsvarsanlegg set avgrensingar for bruk av deler av sjøarealet i Nordhordland. Dette må respekterast i arealforvaltinga og ikkje utfordrast, men med gode drøftingar med Forsvaret og semje her, kan kanskje arealbruken endrast noko stadar.

7.6 Transport, samferdsel, hamneanlegg

Småbåthamner og større hamneanlegg krev landareal med veg, parkering og areal for andre fasilitetar. Sidan landareala ikkje er med i planområdet er det vanskeleg å utgreia slike område på ein god måte innafor dette arbeidet. Det er difor ikkje aktuelt å vurdere nye område for småbåthamner i dette planarbeidet.

7.7 Samanheng land sjø

Samanhengen mellom land og sjø må være tema for alt kommuneplanarbeid. Det vil bidra til å redusere konflikhtar i sjø og sjønære område. Industri, nærings-, bu- og hytteområde nær sjø treng ofte sjøareala til avløp, vassforsyning, småbåthamn og ferdsel. Der slike tiltak kjem i eller i nærleiken av viktige område for fiskeri, havbruk eller marint biologiske mangfald kan dette medføre konflikhtar. I nokon tilfelle kan etablering på land føre til restriksjonar i sjø. Det bør til dømes alltid vera god avstand frå eit bustad- og hytteområde til eit akvakulturanlegg. Mange kommunar har klare føresegner/retningslinjer om avstand for å unngå brukarkonflikhtar her.

8 Framdriftsplan

Dei deltakande kommunane må først gjera vedtak om deltaking og utnemna medlemmar til interkommunalt planutval i løpet av tidleg haust 2020. Utarbeiding av planprogram kan gjerast i løpet av hausten 2020. Planprogrammet vert sendt på høyring 2020/2021 saman med melding av planoppstart.

Første del vil vera prega av arbeid med å få inn innspel frå innspelgrupper, næringsaktørar og innbyggjarane våre. Det er forventa at prosjektet kan presentera det som er kome inn av innspel i løpet av hausten 2021. Bearbeiding av innspel, konsekvensutgreiing og utforming av første forslag til plan vil prega første halvår av 2022. Det er forventa at første forslag til plan kan leggest ut på høyring hausten 2022, og at endeleg forslag til plan kan oversendast kommunane i løpet av våren 2023.

Framdriftsplanen må lagast i detalj når IKPU er etablert.

9 Økonomi og ressursbruk

Prosjektet si finansiering vert eit spleiselag mellom kommunane og Fylkesmannen. Fylkesmannen har løyvd skjønnsmidlar til prosjektet og det er planlagt ein ny søknad i 2021 til fylkesmannen og det vil også bli vurdert å søke midlar andre stader. Dersom dei søknadane ikkje slår til er det rekna med ein direkte kostnad samla for alle kommunane på 3,2 mill. kr i løpet av 4 år.

Kommunane må delta aktivt i planprosessen med eigne tilsette og folkevalde. Det er lagt opp til at kommunane må bruka om lag ein 5-10 % stilling administrativt (ca. 300 timer over 2,5 år) og 3-4 % stilling av folkevalde (120 timer over 2,5 år). Kommunane sin eigenandel er bruk av eigne tilsette og folkevalde i planarbeidet.

Budsjett hovudprosjekt Interkommunal plan for sjøareal	2020	2021	2022	2023	SUM
Administrativ kostnad, koordinering, prosess - rekneskap, kontor, nettside osv	250 000	250 000	250 000	250 000	1 000 000
Kompetansebygging/formidling/reise	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000
Frikjøp av leiar i arbeidsgruppa	250 000	500 000	500 000	500 000	1 750 000
Lønn prosjektmedarbeider inkl. sosiale utg.					-
Kartlegging og situasjonsbeskriving	200 000	300 000			500 000
Kjøp av eksterne tjenester	100 000	200 000	200 000	200 000	700 000
Annonsering	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000
SUM eksterne utgifter	900 000	1 350 000	1 050 000	1 050 000	4 350 000
Deltaking i IKPU/styringsgruppe	120 000	120 000	120 000	120 000	480 000
Deltaking folkemøter, innspillgrupper ol.	100 000	250 000	250 000	250 000	850 000
Arbeidsgruppe	200 000	360 000	270 000	270 000	1 100 000
Styringsgruppa	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
SUM Eigeninnsats kommunane	520 000	830 000	740 000	740 000	2 830 000
SUM ressursbruk	1 420 000	2 180 000	1 790 000	1 790 000	7 180 000
Finansiering					
Fylkesmannen - skjønnsmidlar - tildelt før*	700 000	416 000			1 116 000
Fylkesmannen - skjønnsmidlar - ny søknad**					-
SUM Eksterne midlar	700 000	416 000	-	-	1 116 000
Midlar frå kommunane	200 000	934 000	1 050 000	1 050 000	3 234 000
Eigeninnsats kommunane	520 000	830 000	740 000	740 000	2 830 000
SUM Finansiering	1 420 000	2 180 000	1 790 000	1 790 000	7 180 000
*Regionen 916.000 + Lindås og Masfjorden 200.000					
**Det vil bli sendt inn ein ny søknad i 2021, men har ingen garanti på den derfor ikkje ført inn.					